



**Saksbehandlar:** Annbjørg Bue

**Kommunedirektør/rådmann:** Bjørn Tollefsen

Saknr.	Utval	Møtedato
012/22	Formannskap	22.03.2022

## **Rullering av lokal strategi for ordningane Særskilte tilskott til miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap, Tilskot til skogbrukstiltak og Tilskot til tiltak i beiteområde.**

### **Tilråding frå kommunedirektøren til formannskapet:**

Formannskapet vedtar vedlagte lokale retningslinjer for tildeling av:

- Tilskott til skogbrukstiltak i Etne kommune, jfr. «*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*» (NMSK-forskrifta) og § 19 i skogbrukslova.
- Tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) i Etne kommune, jfr. «*Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*» (SMIL-forskrifta) og jordlova.
- Tilskott til tiltak i beiteområde i Etne kommune, jfr. «*Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder*» og jordlova.

Formannskapet delegerer løyvingfullmakta for tilskotsordningane som er nemnt over til kommunedirektøren.

### **Formannskap 22.03.2022:**

#### **Behandling:**

#### **F- 012/22 Vedtak:**

##### **Samrøystes:**

Formannskapet vedtar vedlagte lokale retningslinjer for tildeling av:

- Tilskott til skogbrukstiltak i Etne kommune, jfr. «*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*» (NMSK-forskrifta) og § 19 i skogbrukslova.
- Tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) i Etne kommune, jfr. «*Forskrift om*

*tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket» (SMIL-forskrifta) og jordlova.*

- Tilkott til tiltak i beiteområde i Etne kommune, jfr. «Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder» og jordlova.

Formannskapet delegerer løyvingfullmakta for tilskotsordningane som er nemnt over til kommunedirektøren.

## **Saksutgreiing**

### **Kva saka gjeld/ Bakgrunn for saka**

Dei ulike regelverka som gjeld tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), tilskot til tiltak i beiteområde og næring- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) slår fast at kommunane skal utarbeide overordna retningslinjer for prioritering av tilskot.

#### SMIL:

Gjeldande retningslinjer for Miljøtilskot til særskilte tiltak i landbrukets kulturlandskap (SMIL) i Etne kommune utlaup på dato i 2020, men gjeld fram til dei blir erstatta av nye retningslinjer.

«Forskrift om tilskott til spesielle miljøtiltak i jordbruket» legg grunnlaget for forvaltninga av SMIL-ordninga. I tillegg gjev kommentar til forskrifta som seinast var oppdatert 3. desember 2020 utdjupande rettleiing til det faglege og administrative handlingsrommet .

SMIL-forskrifta, § 8, seier at kommunen skal fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknadar. Slike retningslinjer skal utarbeidast i dialog med Statsforvaltaren og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt.

Overordna retningslinjer er eit nyttig hjelpemiddel for kommunen ved sakshandsaming og forvaltning av midlane, og gir i tillegg informasjon til Statsforvaltaren om fordeling av rammer.

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og å redusere forureininga frå jordbruket, ut over det som er venta gjennom vanlig jordbruksdrift. Døme på tiltak:

- Tiltak med god miljøeffekt og som kan medverke til å nå måla i vassforskrifta
- Fellestiltak som kan bidra til betre samarbeid og samhandling i grender med felles utfordringar kring miljøverdiar
- Tiltak som medverkar til å vareta ressursane på landbrukseigedomen i langsiktig perspektiv
- Tiltak som kan utløyse tilskot frå andre ordningar som Norsk Kulturminnefond. Fondet er oppretta for å gje tilskot til verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Delfinansiering frå SMIL-ordninga kan verke positivt inn på handsaminga av søknadar til fondet
- Tiltak på svært verdifulle kultur- og bygningsmiljø

I Vestland er det eit mål at dei overordna retningslinjene for spesielle miljøtiltak i jordbruket skal vere forankra i hovudmålet, delmåla og strategiane som ligg i Regionalt miljøprogram 2019 - 2022, kap.4.1. Miljøprogrammet i Vestland skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi

skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast. Delmål for Regionalt miljøprogram 2019- 2022 er :

1. Eit ope og velstelt kulturlandskap
2. Bratt jordbruksareal i aktiv drift
3. God utnytting av utmarksbeite og aktiv stølsdrift
4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir teke vare på og skjøtta
5. Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til luft
6. Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima (vert omtala i Regionalt næringsprogram for Vestland)
7. Minst mogleg tap av næringsstoff frå landbruket til vassdrag

#### TILTAK I BEITEOMRÅDE:

Det er ikkje før laga detaljerte lokale retningslinjer for ordninga tilskott til beitebruk i Etne kommune.. Dette med grunnlag i at potten for tildeling har vore berre på om lag 60000 kroner, og fordi det er ønskjeleg å kunne spisse tildelingane etter kvart som det kjem nye krav og endringar som kan gjere det føremålstenleg å endre på satsingsområda årleg.

For 2021 var søknadsfristen for denne tilskotsordninga i Etne sett til 15. mai 2021. Prioriteringar for året 2021 var investeringar i faste installasjonar og teknologi knytt til beitebruk. Lett omsettelege varar som dronar mv. vart ikkje støtta.

Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde legg grunnlaget for forvaltninga av ordninga. I tillegg finst rettleiing for forvaltninga. I denne står det at kommunen skal fastsetje lokale retningslinjer, og at desse bør sjåast i samanheng og koordinerast med dei lokale retningslinjene for SMIL.

Dei lokale retningslinjene vil vere eit viktig grunnlag for utlysing av midlane. Kva tiltak som kommunen vil prioritere ut frå kva som er formålstenleg for utmarksbeita skal komme fram i retningslinjene. Beitelaga har fått auka driftsstøtte gjennom organisert beitebruk og kan difor stå for mindre kostnadar sjølv. Det vil difor vere naturleg at mindre kostnadskrevjande tiltak vert dekkja av beitelaga sjølv, og dette kan gjerne presiserast i dei lokale retningslinjene.

#### TILSKOT TIL SKOGBRUKSTILTAK:

Kommunane har løyvingfullmakt for tilskot til alle skogbrukstiltaka etter «*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*» (NMSK-forskrifta). I § 3 står det at "Det skal fastsettes overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog mellom Statsforvalteren, kommunene og næringsorganisasjonene i skogbruket lokalt".

Overordna retningslinjer for prioritering av tilskot til skogbrukstiltak i Etne kommune vart vedtatt i 2020 og blir i denne saka lagt fram med nokre endringar. Sjå vedlegg!

Formålet med tilskot til skogbruk er å sikre langsiktig og auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivaretekne og vidareutvikla.

Kommunen skal innarbeide naturmangfaldslova § 7 sine prinsipp om offentleg mynde og legge dei til grunn for avgjerla om tilskot, om desse ikkje alt er vurdert i anna vedtak, til dømes etter landbruksvegforskrifta.

#### **Problemstilling**

Kan vedlagte retningslinjer for tilskotsordningane SMIL, NMSK og Tilskott til tiltak i beiteområde godkjennast som dei ligg føre?

#### **Vurdering**

Utkast til Lokale retningslinjer for tilskotsordningane SMIL, Tilskot til skogbrukstiltak og Tilskot til beitbruk vart den 19.10.21 sendt på høyring til til AT-skog, Etne bonde- og småbrukarlag, Etne bondelag, Etne sau- og geitavlslag, Haugaland landbruksrådgeving , Nortømmer og Statsforvaltaren i Vestland.

Berre Nortømmer og Statsforvaltaren gav fråsegn til høyringa. Sjå vedlegg! Forslaga til endring som dei har gitt er tatt til følgje.

### **Kommunedirektøren sin konklusjon**

Forslag til lokale retningslinjer for tilskotsordningane SMIL, NMSK og Tilskott til tiltak i beiteområde som er vedlagt denne saka kan godkjennast som dei ligg føre. For ei enklast mogeleg sakshandsaming er det praktisk at fullmakt til å gjere vedtak om løyving av tilskot frå ordningane blir delegert til kommunedirektøren.

### **Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

[Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Lovdata](#)

[Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket – kommentarer til regelverk - Landbruksdirektoratet](#)

[Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket](#)

[Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder](#)

### **Vedlegg:**

Lokale retningslinjer for tilskotsordningane SMIL, Tilskot til skogbrukstiltak og Tilskot til beitbruk - HØYRING

Tiltaksstrategi for tilskotsordningane SMIL og Tilskott til beitebruk - Høyringsutkast. (L)(63036) (L)(66189)

Overordna retningslinjer for prioritering av tilskot til skogbrukstiltak i Etne kommune (L)(161857)

Svar på høyring - lokale retningslinjer for ordningane spesielle miljøtiltak i landbruket - SMIL - tiltak i beiteområder og nærings- og miljøtiltak i skogbruket - NMSK - Etne

Uttale - Lokale retningslinjer for tilskotsordningane SMIL, Tilskot til skogbrukstiltak og Tilskot til beitbruk - HØYRING

SKM\_C550i21101812440

Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder

forskrift-om-tilskudd-til-spesielle-miljøtiltak-i-jordbruket-kommentarer-til-regelverk-autogenerert

Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Til formannskapet Tiltaksstrategi for tilskotsordningane SMIL og Tilskott til beitebruk -

Høyringsutkast. (L)(63036) (L)(66189)

Til formannskapet Overordna retningslinjer for prioritering av tilskot til skogbrukstiltak i Etne kommune (L)(161857) (L)(350681)